



Sagvåg 05.01.2016

Til
Helse-og omsorgsdepartementet

Høyringsuttale frå Mental Helse Hordaland.

Høyringsnotat – forslag til endringar i psykisk helsevernloven – kontroll for å hindre innføring av legemiddel, rusmiddel, skadelege stoff, farlege gjenstandar og rømningshjelpemiddel.

Mental Helse sitt fylkeslag i Hordaland vil gi slik uttale til ovannemnde høyring:

Helse-og omsorgsdepartementet (HOD) har føreslege endringar i Lov om Psykisk Helsevern. I forslaget vert det sagt at lovendringa skjer for å utvida mogelegheitane for tryggleikskontrollar i psykisk helsevern. I dag seier lova at det ved mistanke om til dømes farlege gjenstandar eller rusmiddel, er høve til å gjennomskjeka bagasje og kroppsvisitera pasientar i døgninstitusjonar. Det skal fattast vedtak om dette. Slikt vedtak kan påklagast til kontrollkommisjonen. Forslaget om lovendring opnar for at døgninstitusjonar kan gjennomføra slik ransaking og kroppsvisitering som rutinekontroll. Det vil seia at **alle** pasientar kan verta ransaka og kroppsvisitert utan at det ligg føre nokon mistanke. Dette utan at det skal gjerast vedtak og såleis heller ikkje kan klagast til kontrollkommisjonen. Vidare vert det føreslege at slike kontrollar og skal kunna gjennomførast i poliklinikkar ved begrunna mistanke.

Innan psykisk helsevern har me alt eit diskriminerande lovverk. Pasientar i psykisk helsevern er den einaste pasientgruppa som vert omfatta av eigen lov. Mental helse Hordaland meiner at dei føreslegne endringane er i strid med menneskerettane og generell rettsoppfatning. I dette forslaget vert det gitt løyve til å kunna gjennomføra inngripande åtgjerder mot alle som søker psykisk helsehjelp. I døgninstitusjonar skal dette kunna gjerast utan at det vert fatta vedtak og utan rett til å fremja klage for overordna instans.

Under kap. 5 vert det vist til ei undersøking gjort blant 29 akuttpsykiatriske og 20 tryggleiksspsykiatriske avdelingar. Ein svært høg prosent melder om funn ved bl.a gjennomgang av bagasje. Dette syner etter vår meining at noverande lov fungerer etter intensjonen. Under same kapittel vert det ikkje sagt noko om kor ofte, kor mykje og kva pasienten hadde som føremål med å bringa dette med seg ved innlegging. Desse funna vart gjort på akutt- og tryggleikspostar.

Me er usamde i at ordlyden vert føreslege endra frå ransaking til undersøking og kontroll. Dette kan gi ei harmonisering av ordlyden som får det til å verka mindre alvorleg å bruka tvang.

Mental Helse Hordland har forståing for at personalet kjenner trong for tryggleik. Me meiner likevel at dette kan gjennomførast ved noverande lovverk. Då må det sytast for tilstrekkeleg bemanning som og har høg kompetanse både fagleg og menneskeleg.

Oppsummert kan endringsforlaget føra til:

- Mange pasientar kan verta sjukare. Til dømes kan kroppsvistering der ein i verste fall må kle av seg, verka retraumatiserande for pasientar som har opplevd overgrep. Høyringa seier ikkje noko om korleis slike pasientar skal møtast.
- Alle som treng behandling for psykiske helseutfordringar vert stigmatiserte.
- Pasientar som set seg imot og protesterer kan verta stempla som «vanskelege».
- Kan føra til meir tvang. Mange vil lata vera å leggja seg inn friviljug avdi dei ikkje ynskjer å gå gjennom tryggleikskontrollar. Nokre av desse personane kan på grunn av manglande behandling verta så sjuke at dei vert tvangsinnlagde.
- Det er allereie høve til ransaking ved mistanke. Me skjønar ikkje kvifor dette ikkje er tilstrekkeleg.
- Me savnar at høyringsnotatet gir meir spesifikke opplysningar om kva omfang funn av til dømes farlege gjenstandar har.
- Me ser og for oss at dette kan medføre auka ansvar for kommunane ved at sjuke pasientar vert gåande for lenge i det kommunale systemet utan at spesialisttenesta er til stades.
- Fører til eit samfunn som byggjer på mistillit til ei stor gruppe menneske. Alle som søker behandling for psykiske helseutfordringar vil kunna vera i målgruppa for den føreslegne tvangsbruken.

Hordaland Mental Helse meiner at forslaget til lovendring må skrinleggjast.

Hordaland Mental Helse

Else-Berit Helle
leiar